



## Sak 10/2018 Referat frå møte med samarbeidsorganet 31.01.2018

### Til stades:

Kjell Morten Stormark (UNI Research/RKBU Vest), Erik Iversen (Kours Vest), Leif Edvard Aarø (FHI, av. Bergen), Ingrid Holsen (HEMIL-senteret, UIB), Rita Agdal (HVL), Nils Helge Kvamme (Regionråd Hardanger + Voss), Anne Hildegunn Færøy (Regionråd Nordhordaland), Morten Storebø (Samarbeidsrådet for Sunnhordaland), Bente Gunntveit (Regionråd Vest), Anette Servan (Bergen kommune), Birthe Markeseth Åsen (Fylkesmannen i Hordaland), Christoffer Kallestad Boge (NAV Hordaland), Kjell Gitton Håland (Fylkestinget), Julie Langum (Ungdommens fylkesutvalg), Per Morten Ekerhovd (Fylkesdirektør, kultur, idrett), Mette Nora Sætre (HFK, Regionalavdeling, Næringsseksjonen), Linda Farestveit (HFK, Opplæringsavdeling, Seksjon for Skule), Else-Marie Brobakke Aarø (HFK), Anne Mette Nesje Porten (HFK), Andreas Ask (HFK)

### Forfall:

Aina Tjosås (Samarbeidsrådet for Bjørnefjorden), Anne Beth Njærheim (Fylkestinget), Silje Nordal (Ungdommens fylkesutvalg), Åse Fretheim (Nasjonalforeningen for Folkehelse)

Møteleiar: I Fylkesdirektør for regional utvikling Bård Sandal

**Sak 1:** Bård Sandal ønska velkomen. For fylkeskommunen er etablert av samarbeidsorganet ein viktig milepæl i arbeidet med utvikling av program for folkehelsearbeid i kommunane. Sandal orienterte om formålet med arbeidet i samarbeidsorganet og om fylkeskommunens intensjon rundt samarbeidsorganet. Presentasjon av medlemar i samarbeidsorganet.

**Sak 2:** Kort orientering om bakgrunn for programmet, innhald i programmet, programmet, tenkt samarbeidsmodell, framdriftplanen og om det pågåande arbeidet med søknaden

**Sak 3:** Ulike deltakarar i programmet har fått ulike rollar. I regelverket står særleg nemnd kommunane, fylkeskommunane, kunnskaps- og forskingsmiljø. Programmet er tenkt å fremje auka samhandling på mange ulike nivå. Viktigast for å mobilisere og inkludere breitt er kommunane.

**Sak 4:** Mette Nora Sætre presenterte bakgrunn for samansetjinga av samarbeidsorganet no i første runde. Forslag til oppgåver/mandat for arbeidet blei presentert.

Samarbeidsorganet for prosjektet er no etablert gjennom konstituering i møtet. Samansetjing og mandat skal evaluerast, det kan bli aktuelt å utvide rollen til organet over tid. Det kom forslag frå samarbeidsorganet om å ta inn fleire frivillige organisasjonar ,og at ein også kunne vurdere helseforetak inn i organet.

**Sak 5:** Forslag til overordna mål/mål for programarbeidet blei drøfta og ein kom fram til følgjande: Ny ordlyd på tittel for arbeidet i fylket: "Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge."

Ny ordlyd på overordna mål: "Gjennom inkluderande og helsefremjande samfunn skal barn og unge oppleve betre trivsel, livskvalitet og psykisk helse."

### **Mål for arbeidet i Hordaland:**

**«Styrke kommunane i arbeidet med å forankre og integrere psykisk helse og rusførebyggjande arbeid, gjennom regionale og kommunale dokument/planar»**

Ny ordlyd i kulepunkt 1: "Psykisk helse og rusførebyggjande arbeid skal vere forankra og integrert i kommunane, gjennom regionale og kommunale dokument/planar"



Ny ordlyd i kulepunkt 2: "Kommunane får auka kunnskap om faktorar som skaper god psykisk helse."

Ny ordlyd i kulepunkt 3: "Kommunane får auka kompetanse om helsefremjande arbeidsmetodar og tiltaksutvikling i det vidareførande arbeidet."

Ny ordlyd i kulepunkt 4: "Auka grad av medverknad og samarbeid med barn og unge, og mellom dei ulike aktørane i kommunen"

Diskusjon om ordet rusførebyggjande arbeid skal vere med i måla. Det var argumenter for og imot. Sidan rusførebyggjande arbeid blir spesifikt nemnt i regelverket for søknad, vurderer vi at der er hensiktsmessigt å ta det med i måla.

Diskusjon rundt begrepet evaluering. Litt uklart korleis vi gjør dette, men vi tar med oss diskusjonen vidare. Kommunane treng hjelp til evaluering.

### **Gjennom desse måla skal barn og unge oppleve:**

Ny ordlyd på kulepunkt 1: "betre trivsel, livskvalitet og psykisk helse"

**Sak 6:** Forslag til temaområder for arbeidet blei lagt fram. Plan for val/inkludering av kommunar og tiltak blei presentert.

Semje om tematisk innretning der vi kan leggje inn anbefalinger, eventuelt ein tiltaksmeny i utlysningen til kommunane. Einighet om at mal med kategoriar kan nyttast til prosjektskissa for kommunane. Kriterier vil bli lagt inn under kvar kategori.

**Sak 7:** Forslag til stegvis opptak av kommunar i programmet, og diskusjon knytt til tal på programkommunar blei lagt fram.

Semje om at kommunane skal kunne søkje seg inn i programmet over fleire år. Dette vil gje kommunane tid til å utvikle prosjekt/samarbeide om prosjekt. Også lettere for kompetansemiljøa å støtte kommunene. Det kom fram tankar om at det bør leggjast til rette for at fleire kommunar deltek i felles og større prosjekt. det kan vere lettere for kommunane å gjennomføre prosjekter ved samarbeid.

Det er ønskje om at kommunane stiller med egenfinansiering for å sikre en bedre forankring og forpliktelse hos kommunane som kjem med i prosjektet. Vidare diskusjon om kor stor denne andelen skal være.

**Sak 8:** Forslag om fylkeskommunen som tiltakseigar for prosjektutvikling i vidaregåande skular i samarbeid med kommunar blei drøfta.

Einighet om at fylkeskommunen kan vere tiltakseigar for prosjektutvikling i vidaregåande skular i samarbeid med kommunar.

### **Sak 9:** Ymse

Møteleiar holdt oppsummering av møte.

Om Hordaland tas opp som programfylke, vil inntil 7 personar fra samarbeidsorganet bli invitert til eit arbeidsseminar for nye programfylker i 2018 i Oslo, 11-12.04.